

**Fra:** Oddvar A. Bukkestein <od-bukke@online.no>  
**Sendt:** torsdag 24. mars 2022 16:10  
**Til:** Tore Henrik Øye  
**Emne:** SV: Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Brørvikskuto

Hei

Me vil halda fram med kulturformidling retta mot born og unge. Det vil mellom anna seia at at me tek opp att det årlege samarbeidet med Lyngheisenteret på Lygra. Dette går over fleire dagar. Der får skuleklassar læra om skuta og soga hennar. Dei òg får vera med å sigla, ro og læra om sjømannskap og tryggleik på sjøen. Me vil dessutan ta opp att det årlege samarbeidet med kyrkja i Vaksdal kommune, der tolvåringar får vera med skuta frå Stamnes og i Veafjorden, med landgang på Kvamsholmen med grilling etc. Me vil òg ta opp att samarbeidet med Stamnes kulturdagar/Fiskefestival. Der vil dei som ikkje har båt kunna vera med «Brørvikskuto» og fiska i fiskekonguransen. Det er eit populært tilbod både til born og vaksne. Me har hatt mange andre opplegg i lokalmiljøet, og me er alltid opne for gode forslag. Til dømes har ungdomsklubben på Stamnes vore nemnt som ein mogeleg samarbeidspartner. Det ser i alle fall ut til å ha vore ei minnerik oppleving for dei som har vore med.

Skuta vil dessutan halda fram med å delta på tilstellingar andre stader, som til dømes i Bergen på Torgdagen, Nordsteam, Hansadagene og Sandviksdagene. Der vert skuta presentert for eit større publikum. Skuta vil òg halda fram med å delta på arrangement i regi av Forbundet Kysten, som til dømes kystsogedagar og råsegl-seminar. Det er verd å merka seg at all drift er basert på dugnad, og at det er gratis for dei som er med. Dugnadsfolket kjem frå ulike stader i kommunen.

Med venleg helsing

**Oddvar A. Bukkestein**

Bukkstein 8  
5727 Stamnes

E-post: [od-bukke@online.no](mailto:od-bukke@online.no)

Telefon: 481 58 816

---

**Fra:** [Tore Henrik Øye](#)  
**Sendt:** torsdag 24. mars 2022 kl. 12:30  
**Til:** [Oddvar A. Bukkestein](#)  
**Emne:** Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Brørvikskuto

Hei, Oddvar, og takk for søknad.

Er det mogleg å ettersende litt informasjon om korleis de tenkjer å bruke Brørvikskuto framover, gjerne konkretisert med døme på moglege gjeremål/planar. Berre kort!  
Vis gjerne også til korleis den har vore brukt.

Vennleg helsing  
Tore Henrik Øye  
Rådgjevar landbruk

91 12 73 37

[tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no](mailto:tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no)

<http://vaksdal.kommune.no>



VAKSDAL KOMMUNE

*Inngående og utgåande e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.*